

Årsmelding 2017 for Håvoll småbåtlag

Håvoll Småbåtlag har 141 medlemmer med båt plass og 14 medlemmer utan plass.

Styret har i 2018 hatt slik samansetting: John A Bjørdal (leiar) Håvard Bjørndal (nestleiar) Arnfinn Brautaset (kasserar) Kjell Eirik Vikestrand (styremedlem) John Ivar Solvang (styremedlem) Arve Johan Yksnøy (styremedlem) Eldar Halse (styremedlem) (1. vara) Anders Ørstavik (1.vara) og Solaug Eiksund (2 vara) Det har vore 5 styremøte som har behandla 29 saker.

Arbeid i laget i 2017

Styret har arbeid med å få i stand mellombels avtale med Ørsta kommune omn bruk av arealet kommunen overtok frå Statens vegvesen og som Håvoll Småbåtlag hadde ein grei leige/bruksrett avtale med. Denne avtalen er no hovudsak vidareført, men vi voner at saka i jordskifteretten vil laga ein betre og rettare avtale med omsyn til bruk og vedlikehald av vegar og areal.

Vi har og gjort avtale med Ørsta kommune om sal av areal slik at dei kunne setja opp toalett ved badeplassen og i samband med dette skal det leggast til rette for at vi får dispensasjon/reguleringsendring slik at vi får ei nausttomt som kan nyttast.

Klubbhuset har vore utleigt til Tor Larsen som har drive kafé der. Denne avtalen er avslutta 31.12.2017.

Investering.

I 2017 er det berre gjort mindre påkostninger i havna og på klubbhuset.

Planer.

Vi vil i 2018 berre gjera vanleg vedlikehalds arbeid. Vidare planer for asfaltering eller andre større tiltak vil vi venta med til vi ser kva planer kommunen har, og kva vilkår jordskifte gir oss.

Bjørdalen 28.01.2018